



Stavanger 11.04.2023

## Statsforvaltaren har ført tilsyn med Vindafjord kommune

Statsforvaltaren har ført tilsyn med Vindafjord kommune. Tema for tilsynet<sup>1</sup> er tidleg innsats på 1.-4. trinn.

Vi har undersøkt om kommunen sørgjer for at skulen gir intensiv opplæring til elevar som står i fare for å bli hengande etter. Dette gjeld for elevar på 1.-4. trinn i lesing, skriving eller rekning, trinn intensiv opplæring. Ferdigheiter i lesing, skriving og rekning er viktige for den framtidige læringa og meistringa til eleven. Dersom det ikkje blir sett i verk tiltak tidleg i opplæringa, kan utfordringa til elevar få utvikle seg og forsterke seg over tid. Derfor er det ein eigen regel for dette.

Intensiv opplæring er ein del av den ordinære tilpassa opplæringa. Det skal vere ein kortvarig og målretta innsats frå skulen i lesing, skriving eller rekning for elevane som har behov for det. Målet er at elevar som treng det, raskt får eigna støtte og oppfølging slik at problema ikkje får moglegheit til å utvikle og forsterke seg vidare i opplæringsløpet.

Undersøkingane våre viste at skulen ikkje

- Identifiserte elevane som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning på 1.-4. trinn.
- Ga elevane som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning eigna intensiv opplæring.
- La omsynet til eleven sitt beste til grunn når dei gir den intensive opplæringa i gruppe eller som eineundervisning.
- Følgde opp om den intensive opplæringa fører til at eleven når forventa progresjon.

Kommunen har no retta pålegga, slik at skulen sin praksis er i tråd med regelverket.

Tilsynsrapportane våre er offentlege, og ligg på <https://tilsynskalender.statsforvalteren.no/>.

Med helsing

Statsforvaltaren i Rogaland v/ Randi Bjørkås og Lina Bryne Larsen

---

<sup>1</sup> Heimelen for tilsynet er opplæringslova § 14-1. Krava til tidleg innsats på 1.-4. trinn kjem fram av opplæringslova § 4-1.